



Tryggleiksrutinar for turar ved barnehagane og skulane i Kviteseid kommune

Generelt:

- Desse rutinane gjeld for alle tilsette og barn/unge ved skulane og barnehagane i Kviteseid. Rutinane gjeld i skule- og barnehagetida og utanom denne tida for arrangement i regi av barnehagen eller skulen.
- På alle turar utanfor området skal det som utgangspunkt alltid vera minimum to vaksne med. På kortare turar med eldre barn/unge kan ein vurdere å vera færre. Den vaksne skal ha med telefon med telefonnummer til skule, og liste over føresette med telefonnummer.
- **Oppteljing:** Før turen, minimum ein gong i løpet av turen og for avreise heim.
- Vaksne ansvarleg for turen har ansvar for at rektor/avdelingsleiar eller styrar er underretta om kven som er med på turen av barn/unge og vaksne
- Alle turar på sykkel og liknande krev hjelm av både vaksne og barn/unge
- Dersom det oppstår uønskje situasjonar på turen, skal beredskapsplanen (tiltakskort) følgjast. Rektor/avdelingsleiar og styrar/fagleiar har ansvar for at personalet er kjent med denne.

Tur med sykkel:

- Sykkelen skal vere i forsvarleg stand, og ha refleksar som er i orden
- Alle skal bruke hjelm
- Det oppmodast til bruk av refleksvest
- Alle skal sykle på rekkje, og fylgje reglar for sykling langs veg

Tur til fots:

- For dei minste bør ein gå der det er minst mogleg trafikk, til dømes gang- og sykkelveg
- Vaksne ansvarlege for turen må vurdere vanskegrad i trafikkforhold opp mot barn/unge sin alder. Eventuelle sikringstiltak, t.d. fleire vaksne, leie kvarandre, opplæring eller bruk av refleksvest, er tiltak som kan settast inn etter risikoanalyse.
- Det oppmodast til bruk av refleksvest
- Barn/unge skal gjerast kjent med og fylgje trafikkreglar for gåande

Tur med buss:

- Det skal bare brukast buss gjennom kjent selskap, som vi har avtale med. Sjåfør skal vera frå selskapet.
- Alle skal ha sitteplass i bussen
- Alle skal bruke bilbeltet og ev. andre sikringstiltak (sete) med tanke på alder og høgde
- Alle skal sitte i ro så lenge bussen kjører
- Vaksne har ansvar for å sjekke bruk av bilbelte og ha oppteljing ved starten av turen og etter alle eventuelle stopp undervegs
- Bussen skal parkere forsvarleg med tanke på på- og avstigning. Dersom det er naudsynt, skal vaksne gå av fyrst og ev. stoppe/dirigere trafikk.

Tur med privatbil:

- Det skal som rutine innhentast samtykke til kjøring i privatbil ved starten av kvart barnehage- skuleår. Vaksne ansvarleg for turen har ansvar for at alle har samtykke til å kjøre privatbil. Det er rimeleg at føresette er underretta i forkant av at barn/unge skal transporterast i privatbil.
- *"I dei tilfella kor føresette ikkje ynskjer at deira barn skal transporterast i privat bil, må skulen sørgje for eit tilbod om offentleg transport."* (Utdanningsdirektoratet av 09.10.2007)
- Bilen skal vera i forsvarleg og reglementert stand, og kjøretøyet må ha alle forsikringar i orden
- Alle skal bruke bilbeltet og ev. andre sikringstiltak (sete) med tanke på alder og høgde
- Ingen tilsette eller føresette kan påleggast å vera sjåfør uavhengig av kompensasjon
- Bilen skal parkere forsvarleg med tanke på på- og avstigning
- Barn/unge og tilsette er forsikra gjennom kommunen sine forsikringsordningar. Andre personar sine eventuelle skader eller skader på materiell må dekkjast gjennom den einkilde sine forsikringar
- Barnehagen/skulen godkjenner aktuelle sjåførar

Siste versjon 08.04.19